



➔ Miljøverndepartementet  
Postboks 8013 Dep  
0030 OSLO

**Vår ref.:**  
1007069-2 - 008

**Vår dato:**  
15.3.2011

**Dykkar ref.:**  
200804249

**Dykkar dato:**  
16.12.2010

**Saksbehandlar:**  
Alexander Iversen

[www.npt.no](http://www.npt.no)

## Høyring om NOU 2010:10 - tilpassing til eit klima i endring

Post- og teletilsynet (PT) viser til brev frå Miljøverndepartementet datert 16.12.2010 med oppmoding om å komme med merknadar til NOU 2010:10 – tilpassing til eit klima i endring.

Som ledd i arbeidet med utgreiinga arrangerte klimatilpassingsutvalet fleire seminar for å samle innspel frå ulike sektorar. PT og Telenor fekk på eit av desse seminara høve til å kome med innspel om klimautfordringar innanfor ekomsektoren.

Etter PT sitt syn skildrar NOU-en klimautfordringane innanfor ekomsektoren på ein god måte. PT vil likevel kommentere ein påstand som kan oppfattast som noko misvisande. I kapittel 9.4.1.2 – *Tilpassingskapasitet* står det: "...Lov om elektronisk kommunikasjon (ekomlova) med forskrift stiller ikkje beredskapskrav til nettet, ut over at det på generelt grunnlag skal fungere i fred, krise og krig." Sjølv om det ikkje stillast konkrete beredskapstekniske krav til sjølve nettet, inneheld ekomregelverket fleire beredskapskrav til tilbydarane, mellom anna krav om beredskapsplanar og deltaking i beredkapsøvingar, samt prioriterings- og varslingskrav.

Ut over denne merknaden støtter PT opp under NOU-en si tilråding om at den raske utviklinga i ekomsektoren gjer at det ikkje er behov for å setje i verk tiltak på dette tidspunktet.

Med helsing

Brevet er godkjent elektronisk og  
ekspedert på papir uten underskrift

Aslaug Hagestad Nag (e.f.)  
avdelingsdirektør

Fredrik W. Knudsen  
seksjonssjef